

Utval: KIKS - Representantskapet  
Møtestad: Dyreparken hotell  
Dato: 15.12.2017  
Tid: 10:00

Forfall meldast til utvalssekretær Anne Liv Lidtveit som syter for innkalling av varamenn.  
Varamenn møter berre ved spesiell innkalling.

Innkalling er sendt til:

Namn	Funksjon	Representerer
Anders Kylland	MEDL	AAFK
Knut Austad	MEDL	AAFK
Nils Harald Rennestraum	MEDL	VAF
Sally Vennesland	MEDL	VAF
Robert Cornels Nordli	MEDL	ARKOM
Reidun Bakken	MEDL	AUDKO
Anders Christiansen	MEDL	BIKOM
Leiv Rygg	MEDL	BYGKO
Hans Blattmann	MEDL	BYKKO
Bjørn Ropstad	MEDL	EHKOM
Jan Sigbjørnsen	MEDL	FLEKO
Ove Gundersen	MEDL	FROKOM
Per Svenningsen	MEDL	GRIKOM
Margrethe Handeland	MEDL	HÆGKO
Odd Ivar Aasen	MEDL	IVKO
Ole Magne Omdal	MEDL	KRIKO
Per Sverre Kvinlaug	MEDL	KVIKO
Janne Fardal Kristoffersen	NESTL	LINKO
Helge Sandåker	MEDL	MARKO
Thor Jørgen Tjørhom	MEDL	SIRKO
Steinar Kyrvestad	MEDL	VAKOM
Eivind Drivenes	MEDL	VENKO
Reidar Saga	LEDER	ÅMKOM
Olav Åsland	MEDL	ÅSEKO

Reidar Saga  
leiar

Glenn Qvam Håkonsesn  
dagleg leiar

<b>Saksnummer</b>	<b>Innhold</b>
PS 3/17	Godkjenning av møteprotokoll
PS 4/17	Strategiplan og etiske prinsipp 2018-2023
PS 5/17	Tertialrapport 2 tertial 2017
PS 6/17	Justering av budsjett 2017
PS 7/17	Budsjett 2018 og økonomiplan 2019-2021



**PS 3/17 Godkjenning av møteprotokoll**

## *Saksframlegg*

### **Konsesjonskraft IKS**

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
159/17	KIKS - Styret	13.11.2017
4/17	KIKS - Representantskapet	15.12.2017

### **Strategiplan og etiske prinsipp 2018-2023**

#### **Saksprotokoll i KIKS - Styret - 13.11.2017**

#### **Handsaming:**

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

#### **Vedtak:**

Strategiplan og etiske prinsipp 2018-2023 blir vedtatt.

#### ***Dagleg leiar tilrår:***

Strategiplan og etiske prinsipp 2018-2023 blir vedtatt.

#### ***Saksutgreiing:***

##### **1. Bakgrunn for saka**

Strategiplanen skal vere eit levande dokument, og ein ønskjer derfor å reviderer planen minst ein gong per kommunestyre- og fylkestingsperiode. Ein ser det som tenleg å gjere dette nå, slik ca midt i perioden.

##### **2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka**

##### **3. Saksopplysningar**

Det er ikkje gjort større endringar i strategien. Ein har så langt som muleg forsøkt å redigere og formulere både delmål og tiltak betre, men utan å realitetsendre for mykje. Både verdiane og dei etiske prinsippa står fast, i tillegg til at det overordna målet til KIKS er uendra.

Dei konkrete endringane i strategien blir punktvis kommentert under Vurdering, i tillegg til at eksisterande strategiplan er lagt ved saka, saman med framlegg til revidert utgåve.

##### **4. Vurdering**

- Mål

Det har vore ein diskusjon rundt formuleringa i det overordna målet til Konesjonskraft IKS, der det var spørsmål om ein skulle vere «ein» leiande nasjonal forvaltar av konesjonskraftrettane eller «den» leiande nasjonale forvaltaren. Gjennom prosessen blei det vurdert ikkje å ha noko praktisk avgjerd, og ein valde derfor å la «ein» bli ståande.

- Delmål

Dei fyrste tre delmåla er uendra, og i fjerde delmål er det gjort ei mindre endring frå «gode» til «stabile» inntekter. Ingen rår over kraftprisen, og tilbakemeldingane frå kommune- og fylkeskommuneadministrasjonane er at det er viktigast med stabile inntekter. Det er også stabile inntekter til deltakarane som er bakgrunnen for opparbeiding og bruk av reservekapital, og er såleis er betre formulering i strategiplanen.

Femte delmål er endra i formulering, men ikkje i innhald. Ein ser verdien av å drive opplæring internt og eksternt, fordi konesjonskraft verken er lett tilgjengeleg eller eit stort tema verken hos deltakarane eller i skuleverket. At ein også kan ha effekt av eit visst samarbeid med akademiske miljø, har mellom anna fleire bacheloroppgåver innanfor økonomi og administrasjonsutdanninga vist. Desse har gitt nyttig informasjon for administrasjonen i det daglege arbeidet deira.

Sjette delmål er nytt, og har kome inn etter samtalar med nokre av deltakarkommunane våre. Det er ønskeleg at KIKS i større grad eit eit kontaktpunkt som kommunane kan vende seg til dersom dei har kraftrelaterte spørsmål av liten eller større art.

Også sjuande delmål er nytt, og erstattar på mange måtar nåverande sjette delmål; poenget er at ein gjennom samarbeid med andre konesjonskraftmiljø skal søke å utvikle gode tenester for kommunane innanfor vårt arbeidsområde. Og vidare at ein gjennom samarbeid med viktige organisasjonar som LVK og Kraftfylka får sikra verdien av konesjonskraftordninga.

Siste delmål er uendra.

Valle, den 06.11.2017

Glenn Qvam Håkonsen  
dagleg leiar

- 1 Strategiplan 2018-2023 arbeidsdokument\_utsending styret\_2
- 2 Strategiplan 2015 - 2020



**KONSESJONSKRAFT IKS**

*– vaktar rettane og tek vare på verdien*

# **STRATEGIPLAN OG GRUNNLEGGANDE ETISKE PRINSIPP 2018-2023**

Konsesjonskraft IKS

- Vaktar og forsvarar deltakarane sine rettar
- Tek vare på verdien og fører den attende til deltakarane



Dam Roskreppfjorden, Sirdal og Valle kommunar, september 2017

Vedtatt representantskapet XX.XX.XXXX



# FUNDAMENT

## Verdiar

### KIKS står for

- Truverde – KIKS skal vere open og ærleg
- Kvalitet – KIKS skal arbeide for å bli betre i alle ledd
- Tryggleik – KIKS skal vere godt budd på alle mulege hendingar

Side | 2

## Etiske prinsipp

### Tilsette og folkevalde skal:

- etterleve lover, reglar og menneskerettar
- stå fram ærleg og heiderleg
- syte for at KIKS står fram som ope, påliteleg og transparent
- ikkje gjere noko som kan skade truverdet til KIKS
- ikkje take mot eller gje gåver som kan påverke integriteten til KIKS
- ikkje nytte konfidensiell informasjon for å oppnå urettmessige fordelar på eigne eller på KIKS sine vegne

# MÅL

**Konsesjonskraft IKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane**

# DELMÅL

### KIKS skal

- ha den administrative og operative risikoen under kontroll til ei kvar tid, både kortsiktig og langsiktig risiko
- trygge konsesjonskraftordninga som kommunal og fylkeskommunal rett
- trygge verdien av konsesjonskraftordninga
- sikre deltakarane påreknelege og stabile inntekter
- ha fokus på læring og kunnskap i alle ledd, frå administrasjon, styret, representantskap, deltakarkommunane og i skuleverket
- bistå deltakarkommunane i kraftrelaterte spørsmål
- søke samarbeid med andre miljø i konsesjonskraftspørsmål
- vere opne for utviding av den geografiske verkekrinsen, gjennom kommunar og fylkeskommunar i fellesskap





## TILTAK

### Ha den administrative og operative risikoen under kontroll til ei kvar tid, både kortsiktig og langsiktig risiko

KIKS skal

- ha oversikt over alle risikofaktorar og sette i verk tiltak for å kontrollere desse

Side | 3

### Trygge konsesjonskraftordninga som kommunal og fylkeskommunal rett

KIKS skal

- orientere kommunestyre og fylkesting om status og utfordringar
- halde seminar, gjerne saman med Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) og Samarbeidande kraftfylke, for Sørlandsbenken og Energi- og miljøkomiteen på Stortinget
- synleggjere utfordringar som KIKS står overfor i aktuelle fora i landsdelen
- ha jamleg kontakt med Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), og gjennomføre møte med NVE og departementet når det er tenleg eller naudsynt

### Trygge verdien av konsesjonskraftordninga

KIKS skal

- bruke heimesida til å spreie nøkkelinfo og kunnskap om kor viktig vasskrafta er for kommunar og fylkeskommunar
- nytte hydrologisk og/eller juridisk ekspertise for å kvalitetssikre grunnlaget for viktige avgjerder
- vere oppdatert på planlagde utbyggingar og revisjonar med verknad for konsesjonskraftvolumet og/eller kommunane sitt skatteproveny
- byggje nettverk
- ha god kunnskap om vassdragsutbygginga med hovudfokus på eigen geografisk virkekrins

### Sikre deltakarane påreknelege og stabile inntekter

KIKS skal

- halde gjeldande risikostrategi levande og evaluere/ endre denne jamleg
- ha tilstrekkeleg reservekapital for å kunne handtere svingingar i inntektene og gjennomføre avviksoppgjær på vegne av deltakarkommunane

### Ha fokus på læring og kunnskap i alle ledd, frå administrasjon, styret, representantskap, deltakarkommunane og i skuleverket

KIKS skal

- utvikle og trygge administrativ og fagleg kunnskap
- syte for styreopplæring, som fast punkt i kvart styremøte
- utvikle eit samarbeid med eksterne rådgjevarar som gjev meirverdi både til KIKS og rådgjevaren
- gjennomføre seminar med aktuelle tema for tilsette i deltakarkommunane
- gjennomføre pedagogiske opplegg i skuleverket, frå ungdomsskule til universitet
- samarbeide med LVK om prioriterte utfordringar
- samarbeide med akademiske miljø for fagleg og organisatorisk utvikling



### Bistå deltakarkommunane i kraftrelaterte spørsmål

KIKS skal

- sørge for at det er tilgong på hydrologisk kompetanse for deltakarane i KIKS.
- vere synlege for deltakarkommunane og eit kontaktpunkt i kraftrelaterte spørsmål.

Side | 4

### Søke samarbeid med andre miljø i konsesjonskraftspørsmål

- Samarbeide med LVK og Kraftfylka på nasjonalt nivå om saker som er i KIKS si interesse
- Samarbeide med andre organisasjonar som arbeider for konsesjonskraftmottakarane sine interesser

### Vere opne for utviding av den geografiske verkekrinsen, gjennom kommunar og fylkeskommunar i fellesskap.

KIKS skal

- vere opne for å diskutere muleg vidare utviding dersom vi får ein slik førespurnad, med vilkår om at konsesjonskraftkommunar og fylkeskommunen blir deltakarar i fellesskap

Konsesjonskraft IKS  
Kommunehuset  
Postboks 4  
4747 Valle



**KONSESJONSKRAFT IKS**

– vaktar rettane og tek vare på verdien

[post@konsesjonskraft.no](mailto:post@konsesjonskraft.no)

telefon 37 93 75 00



**KONSESJONSKRAFT IKS**  
– vaktar rettane og tek vare på verdien

# **STRATEGIPLAN OG GRUNNLEGGANDE ETISKE PRINSIPP 2015-2020**

Konsesjonskraft IKS

- Vaktar og forsvarar deltakarane sine rettar
- Tek vare på verdien og fører den attende til deltakarane



Dam Skjerka, Åseral kommune

Vedtatt representantskapet 19. juni 2015



# FUNDAMENT

## Verdiar

### KIKS står for

- Truverde – KIKS skal vere open og ærleg
- Kvalitet – KIKS skal arbeide for å bli betre i alle ledd
- Tryggleik – KIKS skal vere godt budd på alle mulege hendingar

Side | 2

## Etiske prinsipp

### Tilsette og folkevalde skal:

- etterleve lover, reglar og menneskerettar
- stå fram ærleg og heiderleg
- syte for at KIKS står fram som ope, påliteleg og transparent
- ikkje gjere noko som kan skade truverdnet til KIKS
- ikkje take mot eller gje gåver som kan påverke integriteten til KIKS
- ikkje nytte konfidensiell informasjon for å oppnå urettmessige fordelar på eigne eller på KIKS sine vegne

# MÅL

**Konsesjonskraft IKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane**

# DELMÅL

### KIKS skal

- ha den administrative og operative risikoen under kontroll til ei kvar tid, både kortsiktig og langsiktig risiko.
- trygge konsesjonskraftordninga som kommunal og fylkeskommunal rett
- trygge verdien av konsesjonskraftordninga
- sikre deltakarane påreknelege og gode inntekter
- byggje kompetanse i alle ledd, frå administrasjon, styret, representantskap, deltakarkommunane og i skuleverket
- utvikle tenestemenyen innafør hydrologi, vilkårsrevisjonar, vassdirektiv, anten i IKS-et eller i eige dotterselskap
- Vere opne for utviding av den geografiske verkekrinsen, gjennom kommunar og fylkeskommunar i fellesskap.



## TILTAK

**Ha den administrative og operative risikoen under kontroll til ei kvar tid, både kortsiktig og langsiktig risiko.**

KIKS skal

- ha oversikt over alle risikofaktorar og sette i verk tiltak for å kontrollere desse

Side | 3

**Trygge konsesjonskraftordninga som kommunal og fylkeskommunal rett**

KIKS skal

- orientere kommunestyre og fylkesting om status og utfordringar
- halde seminar, gjerne saman med Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) og Samarbeidande kraftfylke, for Agderbenken og Energi- og miljøkomiteen på Stortinget
- synleggjere utfordringar som KIKS står overfor i aktuelle fora i landsdelen
- ha jamleg kontakt med Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), og gjennomføre møte med NVE og departementet når det er tenleg eller naudsynt

**Trygge verdien av konsesjonskraftordninga**

KIKS skal

- bruke heimesida til å spreie nøkkelinfo og kunnskap om kor viktig vasskrafta er for kommunar og fylkeskommunar
- nytte hydrologisk og/eller juridisk ekspertise for å kvalitetssikre grunnlaget for viktige avgjerder
- vere oppdatert på planlagde utbyggingar og revisjonar med verknad for konsesjonskraftvolumet og/eller kommunane sitt skatteproveny
- byggje nettverk

**Sikre deltakarane påreknelege og gode inntekter**

KIKS skal

- halde gjeldande risikostrategi levande og evaluere/ endre denne jamleg

**Byggje kompetanse i alle ledd, frå administrasjon, styret, representantskap, deltakarkommunane og i skuleverket**

KIKS skal

- trygge og utvikle administrativ og fagleg kompetanse
- syte for styreopplæring, som fast punkt i kvart styremøte
- utvikle eit samarbeid med kompetanseleverandørar som gjev meirverdi både til KIKS og leverandørar
- gjennomføre seminar med aktuelle tema for tilsette i deltakarkommunane
- utarbeide og gjennomføre eit pedagogisk opplegg for ungdomsskuleelevane på Agder
- samarbeide med LVK om prioriterte utfordringar
- ha god kunnskap om vassdragsutbygginga med hovudfokus på eigen geografisk virkekrins



**Utvikle tenestemenyen med mellom anna kunnskap i hydrologi, vilkårsrevisjonar, vassdirektiv, anten i IKS-et eller i eige dotterselskap**

KIKS skal

- starte på opplæring i hydrologi, i samarbeid med eksterne kompetansmiljø
- vere oppdatert på vanndirektivet
- bidra i oppfølging av revisjon av gjevne konsesjonar

Side | 4

**Vere opne for utviding av den geografiske verkekrinsen**

KIKS skal

- vere opne for å diskutere muleg vidare utviding dersom vi får ein slik førespurnad, med vilkår om at konsesjonskraftkommunar og fylkeskommunen blir deltakarar i fellesskap



**KONSESJONSKRAFT IKS**

– vaktar rettane og tek vare på verdien

Konsesjonskraft IKS

Kommunehuset

Postboks 4

4747 Valle

[post@konsesjonskraft.no](mailto:post@konsesjonskraft.no)

telefon 37 93 75 00

## *Saksframlegg*

# Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
160/17	KIKS - Styret	13.11.2017
5/17	KIKS - Representantskapet	15.12.2017

## Tertialrapport 2 tertial 2017

### Saksprotokoll i KIKS - Styret - 13.11.2017

#### **Handsaming:**

2. tertial er ikkje revidert, og ein har derfor ikkje klart noko revisorgodkjent rekneskap per nå. Grunnen til dette er at ein har starta eit grundig arbeid med rekneskapsførar og revisor, for å lette revisjonen og med det klare å halde oss innanfor prisen på revisjon i anbodet.

Framlegg frå styreleiar Terje Damman:

Med bakgrunn i at revisor ikkje har revidert 2. tertial, tek styret saka til orientering utan å vedta. Nytt framlegg til vedtak:

Tertialrapport for 2. tertial blir tatt til orientering.

Styret tok stilling til tertialet slik det føreligg.

Framlegg frå styreleiar Terje Damman blei samrøystes vedtatt.

#### **Vedtak:**

Tertialrapport for 2. tertial blir tatt til orientering.

#### ***Dagleg leiar tilrår:***

Tertialrapport for 2. tertial 2017 vert vedteken

#### ***Saksutgreiing:***

##### **1. Bakgrunn for saka**

2 tertial 2017 er avstemt og kontrollert. Revisor har levert rapport

## 2. Kva er samanhengen mellom strategiplan og denne saka?

### 3. Saksopplysningar

Kommentarar i høve vedteken budsjett

- Inntektene på kraft har utvikla seg positivt i høve budsjett,
  - med høgare spotinntekter enn forventa når budsjettet blei satt i 2016
  - mykje lågare områdekostnad (prisforskjell mellom sør-noreg og heile norda som er prisen vi sikrar mot).
- Kjøpskost er lågare enn budsjett.
  - Forliket med Sira Kvina Kraftselskap ga ein lågare kjøpskost enn budsjett. Forliket blei inngått i januar 2017
  - Lågare nettap enn budsjett. I prisen vi betaler ligg OED/sjølvkost pris + fastledd til statnett + nettap for overføring av krafta til sentralnettet.
- Personalkost er lågare enn budsjett
  - Tilsett har frå 01.06 gått over på pensjonistavlønning
- Andre driftskostnader er lågare enn budsjett
  - Bytte av forvaltar gjennom anbod gir lågare kostnader
- Finansinntektene er høgare enn budsjett
  - Betre avkastning på reservekapitalen enn budsjett
  - Betre agio (gevinst på veksling av valuta) enn budsjett
- Finanskostnadene er høgare enn budsjett
  - Krav til kontanter som garanti på krafthandel har gitt økte finanskostnader

### 4. Vurdering

Tertialrapporten syner at resultatet for 2017 blir betre enn budsjettet. Det leggst opp til eigen sak med justeringar av budsjett.

Valle, den 06.11.2017

Glenn Qvam Håkonsen  
dagleg leiar



Til Styret i Konesjonskraft IKS

Uttalelse vedrørende forenklet revisorkontroll av delårsregnskap

#### Innledning

Vi har foretatt en forenklet revisorkontroll av vedlagte balanse for Konesjonskraft IKS pr. 31. august 2017 og tilhørende resultatregnskap for åttmånedersperioden avsluttet denne dato. Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av delårsregnskapet og at det gir et rettviseende bilde. Vår oppgave er å avgi en uttalelse om delårsregnskapet basert på vår forenklete revisorkontroll.

Omfanget av den forenklete revisorkontrollen

Vi har utført vår forenklete revisorkontroll i samsvar med ISRE 2410 Forenklet revisorkontroll av et delårsregnskap, utført av foretakets valgte revisor. En forenklet revisorkontroll av delårsregnskapet består i å rette forespørsler, primært til personer med ansvar for økonomi og regnskap, og å gjennomføre analytiske og andre kontrollhandlinger. En forenklet revisorkontroll har et betydelig mindre omfang enn en revisjon utført i samsvar med de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene), og gjør oss følgelig ikke i stand til å oppnå sikkerhet om at vi er blitt oppmerksomme på alle vesentlige forhold som kunne ha blitt avdekket i en revisjon. Vi avgir derfor ikke revisjonsberetning.

#### Konklusjon

Perioderegnskapet viser et positivt resultat på kr 28 629 774 etter overførte konsesjonskraftinntekter på kr 46 681 015 og en reservekapital tillagt periodens resultat på kr 151 042 603. Vi har ved vår forenklete revisorkontroll ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at det vedlagte delårsregnskapet ikke gir et rettviseende bilde av foretakets finansielle stilling per. 31. august 2017 og for resultatet i åttmånedersperioden, i samsvar med gjeldende regnskapsprinsipper for selskapet. Vi vil for øvrig nevne at det i overførte konsesjonskraftinntekter på kr 46 681 015, er inkludert overføring til Valle kommune med kr 1 208 215 som gjelder utbetaling av etteroppgjør fra Sira-Kvina. Beløpet er feilpostert i regnskapet, men vil bli rettet opp ved årsoppgjøret.

Kristiansand, 28. november 2017

BDO AS



Robert Andersen

Statsautorisert revisor

## *Saksframlegg*

# Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
161/17	KIKS - Styret	13.11.2017
6/17	KIKS - Representantskapet	15.12.2017

## Justering av budsjett 2017

### Saksprotokoll i KIKS - Styret - 13.11.2017

#### Handsaming:

Dagleg leiar Glenn Qvam Håkonsesen orienterte. Ein har i punkt 4 vore noko upresis i formuleringa. Dei fleste postane blir justert etter tal ein hadde per 31.8., men også nokre postar i budsjettet blir justert per 30.9. og 31.10. Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

#### Vedtak:

Justeringane i budsjett for 2017 vert vedteken

#### *Dagleg leiar tilrår:*

Justeringane i budsjett for 2017 vert vedteken

#### *Saksutgreiing:*

##### 1. Bakgrunn for saka

Inntekter og kostnader må justerast frå opprinnelig budsjett

##### 2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka?

KIKS skal arbeide for påreknelege og stabile inntekter til kommunane.

##### 3. Saksopplysningar

I budsjetta til KIKS er det ein del poster som er hefta med stor usikkerhet og er vanskeleg å kontrollere og sikre seg mot. Adm arbeider også med å halde kostnadsnivået nede.

#### 4. Vurdering

Pr 31.08 justerast fylgjande poster frå opphavelag budsjett:

- Konesjonskraftinntektene oppjusteres med 12,3mill. Av dette er 9mill betre områderisiko, 1mill mindre brukstidsgevinst og 4,3mill høgare spotinntekter.
- Kjøpskostnader nedjusteres med 5,2mill. Av dette er 1,7 mill lågare nettap og 3,5mill lågare kjøpskost i Sira Kvina
- Personalkostnad nedjusterast med 150 000.
- Annan driftskostnad nedjusterast med 90 000.
- Netto finans oppjusterast med 2,8mill. Hovudgrunnen er betre avkastning på reservekapitalen.
- Totalt vert resultat justert opp med 20,4mill, noko som er mykje. Nær sagt alle postar med usikkerhet har utvikla seg i positiv retning i 2017.
- Utbetalingane er auka med kr 1 208 015, då Valle kommune ynskja etteroppgjering frå Sira Kvina utbetalt. For dei andre berørde KIKS kommunar vart etteroppgjering lagt til reservekapitalen.

Valle, den 06.11.2017

Glenn Qvam Håkonsen  
dagleg leiar

1            budsjettjustering 2017

# Konsesjonskraft IKS

## Budsjettjusteringer 2017

	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Justert budsjett 2017</b>	<b>Endring</b>
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>			
Konsesjonskraftinntekter	205 499 391	217 777 693	12 278 302
Annen driftsrelatert inntekt	-	-	-
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>205 499 391</b>	<b>217 777 693</b>	<b>12 278 302</b>
Kjøp av konsesjonskraft	108 094 373	102 913 921	(5 180 452)
Lønn inkl. sosiale utgifter	3 850 000	3 700 000	(150 000)
Avskrivninger	30 000	30 000	-
Eksterne honorarer	3 070 000	2 980 000	(90 000)
Annen driftskostnad	1 105 000	1 105 000	-
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>116 149 373</b>	<b>110 728 921</b>	<b>(5 420 452)</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>89 350 018</b>	<b>107 048 772</b>	<b>17 698 754</b>
<b>Finansinntekter og -kostnader</b>			
Finansinntekter	2 747 530	5 600 000	2 852 470
Finanskostnader	1 200 000	1 300 000	100 000
<b>Resultat av finansposter</b>	<b>1 547 530</b>	<b>4 300 000</b>	<b>2 752 470</b>
<b>Resultat før overførte konsesjonskraftinntekter</b>	<b>90 897 548</b>	<b>111 348 772</b>	<b>20 451 224</b>
<b>Overførte konsesjonskraftinntekter</b>	<b>90 946 000</b>	<b>92 154 015</b>	<b>1 208 015</b>
<b>Resultat</b>	<b>(48 452)</b>	<b>19 194 757</b>	<b>19 243 209</b>
<b>Overføringer</b>			
Overføringer til reservekapital	(48 452)	19 194 757	19 243 209
<b>Sum overføringer</b>	<b>(48 452)</b>	<b>19 194 757</b>	<b>19 243 209</b>

## *Saksframlegg*

### Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
162/17	KIKS - Styret	13.11.2017
7/17	KIKS - Representantskapet	15.12.2017

### **Budsjett 2018 og økonomiplan 2019-2021**

#### **Saksprotokoll i KIKS - Styret - 13.11.2017**

##### **Handsaming:**

Dagleg leiar Glenn Qvam Håkonsen orienterte.  
Presisert at det som i vedlegget er omtalt som Budsjett 2017, er justert budsjett for 2017 i samsvar med sak 161/17.  
Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

##### **Vedtak:**

Budsjett 2018 og økonomiplan 2019-2021 vert vedteken  
Prognose utbetaling til deltakarar 2018 vert vedteken

##### ***Dagleg leiar tilrår:***

Budsjett 2018 og økonomiplan 2019-2021 vert vedteken  
Prognose utbetaling til deltakarar 2018 vert vedteken

##### ***Saksutgreiing:***

###### **1. Bakgrunn for saka**

Budsjett 2018, økonomiplan 2019-2021 og utbetalingsprognose er viktig informasjon for styret og eigarane, og gjev eit bilete på dei økonomiske framtidsutsiktene

###### **2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka**

Strategiplanen skal gjennom dette framlegget realiserast innanfor tilrådde rammer.

### 3. Saksopplysningar

#### Kommentar budsjett 2018

- Om lag 87% av konsesjonskraftvolumet for 2018 er sikra. Dette er mindre enn tidlegare år, med argumentasjon at KIKS meiner kraftprisane skal auke frå dagens nivå. Det har til no vist seg å vere lønsamt. Det er viktig for eigarane med forutsigbare inntekter og med å evt nytte reservekapital vil ein kunne halde på utsendt utbetalingsprognose.
- Det budsjetterast med eit resultat på 83 349 512 ein utbetaling på 93 933 000. Dette betyr at ein brukar om lag 10 mill av reservekapital. Viss ein ser på fordelinga av dette, så er det kommunane i Aust Agder som får utbetalt reservekapital, mens kommunane i Vest Agder no nærmar seg nivået som trengs på reservekapital. Sjå vedlegg 3 for utbetalingsprognose og forklaring.
- Kjøpskost budsjetterast til 105 mill (12,2 øre/KWh). Statnett har tidlegare varsla eit fastledd på 1,8 øre/KWh, men for 2018 vart han sett til 1,3 øre/KWh. Dette utgjer 4,3mill kr for KIKS i 2018.
- Personalkostnadane og annan driftskost er budsjettert til 7,4 mill kr. Dette utgjer 0,86 øre/KWh og er ein reduksjon på 8% i høve 2015. Administrasjon har fokus på effektiv drift og søker stadig etter å få mest mogleg att for ressursane som brukast.
- Netto finans budsjetterast til kr 800 000. Avkastning på likviditet er dårlegare enn tidlegare år (låge rentemarknader) og nye krav om å stille kontantar som garanti for krafthandel aukar finanskostnadane.

#### *Kva får deltakarane for pengane det koster å drifte KIKS?*

I strategiplanen står det kva KIKS skal arbeide med og prioritere. Kjernevirksomheten er kjøp og sal av konsesjonskraft, men det ligg mykje bak. Det er eit kompleks og spesielt område og det har ofte vist seg at det skapast verdiar for kommunane ved å ha denne kompetansen tilgjengeleg og nytte han til å grave langt ned i problemstillingar.

Her kjem nokre døme på gevinstrealisering som fylgje av KIKS arbeid, samt nokre døme på kva ein bruker ressursar på som ikkje kan kvantifiserast:

- Når nye kraftverk kjem i drift, kan det ta mange år før NVE fastsett konsesjonskraftvolumet. Ein har rett på konsesjonskrafta frå den dagen vatnet vert tatt i bruk. KIKS sørger for å ta ut konsesjonskraft frå fyste dag. For 2018 vil dette utgjere om lag 17 GWh med ein nettoverdi på om lag 2 mill kr.
- Av kjøpskostnad er det anten OED pris eller individuell sjølvkost og det har synt seg viktig å arbeide for at dette skal vere rett.
  - I Sira-Kvina er kostnaden for KIKS redusert med om lag 3,5mill årleg.
  - KIKS fylgjer opp sjølvkost i mandalsvassdraget. Her har Agder Energi Vannkraft varsla mogleg stevning av OED. Dei økonomiske konsekvensane er berekna til 3 mill kr i 2018, aukande til 6mill pr år for 2020.
- KIKS har ein vedteken risikostrategi kor krafta gradvis skal seljast tre år før levering. Det er vedteken rammer for handel slik at adm kan styre når handlane gjerast og om ein ynskjer ein litt lågare eller høgare sikringsgrad. Kor godt adm utfører denne risikostrategien målast mot snittprisar for dei produkta som handlast i perioden (kalt jamn sikring). Adm arbeider med å berekne desse verdiane nøyaktig, men ei enkel analyse av avvikshandlar gjort i 2011-2012, syner at resultatet til KIKS er om lag 45 mill kr betre for åra 2013-2017. Prognosane for åra 2018-2021 er også høgare enn om ein hadde sikra jamt, men desse tala endrar seg heilt til åra er ferdig.

KIKS nyttar mykje tid på informasjonsvirksomhet og det tek ressursar. Informasjon til politikarar, seminar, oppfølging mot administrasjonar og undervisningsopplegg i skuleverket. Dette er nedfelt i strategien og viktig for konsesjonskraftordninga og KIKS på sikt.

#### **4. Vurdering**

Inntektene:

Vi arbeider aktivt med risikostrategi og analyseverktøy for å utnytte marknaden innanfor definert risiko. Siktemålet er å skape ein meirverdi for eigarane. Historisk har dette arbeidet lønt seg.

Vi vel og løysingar som gjer at vi får tak i marginar utan at risikoen aukar.

Utgiftene:

Den største kostnaden for KIKS er kjøp av konsesjonskraft, og KIKS har stort fokus på at desse kostnadene er rette. Det har vist seg lønsamt.

Sjølv om andre kostnadar er små samanlikna med kjøpskost, har KIKS fokus på effektiv bruk av desse ressursane og vil fortsette å rapportere på verdiskapinga av å ha ein administrasjon som fokuserer på å vakte rettane, take vare på verdien og føre han attende til deltakarane.

Valle, den 06.11.2017

Glenn Qvam Håkonsen  
dagleg leiar


- 1 budsjett2018
- 2 økonomiplan 2019-2021
- 3 Korleis kjem KIKS til utbetalingsprognose for 2018

# Konsesjonskraft IKS

## Budsjett 2018

	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2017</b>
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>		
Konsesjonskraftinntekter	195 320 314	217 777 693
Annen driftsrelatert inntekt	-	-
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>195 320 314</b>	<b>217 777 693</b>
Kjøp av konsesjonskraft	105 366 778	102 913 921
Lønn inkl. sosiale utgifter	3 771 024	3 700 000
Avskrivninger	30 000	30 000
Eksterne honorarer	2 493 000	2 980 000
Annen driftskostnad	1 110 000	1 105 000
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>112 770 802</b>	<b>110 728 921</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>82 549 512</b>	<b>107 048 772</b>
<b>Finansinntekter og -kostnader</b>		
Finansinntekter	2 600 000	5 600 000
Finanskostnader	1 800 000	1 300 000
<b>Resultat av finansposter</b>	<b>800 000</b>	<b>4 300 000</b>
<b>Resultat før overførte konsesjonskraftinntekter</b>	<b>83 349 512</b>	<b>111 348 772</b>
<b>Overførte konsesjonskraftinntekter</b>	<b>93 933 000</b>	<b>92 154 015</b>
<b>Resultat</b>	<b>(10 583 488)</b>	<b>19 194 757</b>
<b>Overføringer</b>		
Overføringer til reservekapital	(10 583 488)	19 194 757
<b>Sum overføringer</b>	<b>(10 583 488)</b>	<b>19 194 757</b>



 <b>KONSESJONSKRAFT IKS</b> <small>– vaktar rettane og tek vare på verdien</small>	Budsjett	Økonomiplan			
	2018	2019	2020	2021	
<b>Driftsinntekter</b>	<b>195 320 314</b>	<b>183 913 869</b>	<b>198 270 448</b>	<b>210 676 132</b>	
Varekostnad	105 366 778	111 333 455	113 829 839	116 675 585	
Personalkostnad	3 771 024	3 850 572	3 947 918	4 048 184	
Annan driftskostnad	3 633 000	3 714 600	3 798 648	3 885 217	
<b>Driftsresultat</b>	<b>82 549 512</b>	<b>65 015 242</b>	<b>76 694 043</b>	<b>86 067 145</b>	
Netto finans	800 000	800 000	800 000	800 000	
<b>Resultat før overførte inntekter</b>	<b>83 349 512</b>	<b>65 815 242</b>	<b>77 494 043</b>	<b>86 867 145</b>	

## Korleis kjem KIKS til utbetalingsprognose for 2018

Utbetalingsprognosane vert vedteken av representantskapet i desember, men alt i oktober har deltakarane eit ynskje om å legge inn tal i sine budsjett og økonomiplanar. Dagleg leiar vil i denne saka gjere greie for korleis desse tala vert berekna og sendt ut, og nyttar høvet til å syne fram metodikken og reknearka som ligg bak tala.

Utbetalingsprognosen som vert sendt ut til deltakarane i oktober, er basert på kraftprisane pr 31.08.2017 (avslutning 2.tertial):

Utbetalingsprognose	2017	2018	2019	2020	2021
KIKS	90 946 000	<b>93 933 000</b>	91 370 000	86 272 000	86 272 000
Aust Agder fylkeskommune	38 600 000	<b>37 063 000</b>	37 063 000	32 009 000	32 009 000
Vest Agder fylkeskommune	8 000 000	<b>12 691 000</b>	12 691 000	14 184 000	14 184 000
Arendal	1 200 000	<b>1 075 000</b>	946 000	903 000	903 000
Audnedal	220 000	<b>201 000</b>	201 000	201 000	201 000
Birkenes	440 000	<b>413 000</b>	363 000	347 000	347 000
Bygland	4 100 000	<b>3 639 000</b>	3 359 000	3 359 000	3 359 000
Bykle	13 200 000	<b>12 389 000</b>	11 504 000	10 619 000	10 619 000
Evje og Hornnes	490 000	<b>435 000</b>	366 000	331 000	331 000
Flekkefjord	1 000 000	<b>1 350 000</b>	1 350 000	1 350 000	1 350 000
Froland	2 900 000	<b>2 630 000</b>	2 210 000	1 999 000	1 999 000
Grimstad	1 000 000	<b>868 000</b>	764 000	729 000	729 000
Hægebostad	16 000	<b>17 000</b>	17 000	17 000	17 000
Iveland	2 000 000	<b>1 854 000</b>	1 557 000	1 409 000	1 409 000
Kristiansand	30 000	<b>43 000</b>	43 000	43 000	43 000
Kvinesdal	3 000 000	<b>3 580 000</b>	3 580 000	3 580 000	3 580 000
Lindesnes	120 000	<b>128 000</b>	128 000	128 000	128 000
Marnardal	1 200 000	<b>1 128 000</b>	1 128 000	1 128 000	1 128 000
Sirdal	900 000	<b>1 320 000</b>	1 320 000	1 320 000	1 320 000
Valle	5 930 000	<b>6 207 000</b>	6 207 000	6 207 000	6 207 000
Vennesla	1 900 000	<b>2 169 000</b>	2 169 000	2 169 000	2 169 000
Åmli	2 300 000	<b>2 055 000</b>	1 726 000	1 562 000	1 562 000
Åseral	2 400 000	<b>2 678 000</b>	2 678 000	2 678 000	2 678 000

Følgjande betraktningar er gjort:

- Deltakarane skal ha så jamn utbetaling som mogleg i budsjettperioden, samstundes som det ikkje skal vere store endringar frå tidlegare år
- Sidan prisane har gått opp sidan førre budsjettplan, skal det leggjast opp til minst like høg prognose år for år som tidlegare utsendt (oktober 2016). Fun fact: Kraftprisane på år 2018-2020 har betra seg så mykje at utbetalingsprognosane er betra med 20-33 MNOK pr år og ligg totalt sett kring utbetalingane i 2017.
- Målet er at alle deltakarar skal ha lik reservekapital (i øre/KWh) innan utgangen av økonomiplanen.

- Modellen gjer det mogleg å tilpasse kvar einiskild deltakar og nokre har behov for høgare reservekapital grunna usikkerheit i prognosane (døme: 1. VAF og Agder Energis varsla søksmål om sjølvkost/OED pris i Mandalsvassdraget. 2. Kvinesdal har nedside i saka om kraftgrunnlag)
- Endringar i budsjett 2017 knytt til områdepris, spotpris, brukstid og avkastning på reservekapital er oppdatert i prognosen sjølv om det ikkje er behandla i styret/repskap. Pr 31.08 vart det lagt inn endringar på om lag 15 mill (konservativt), mens det no til behandling kjem endringar på 20 mill (enda betre prognosar enn 31.08)
- Sjølv om kraftmarknaden vil endre seg fram mot representantskapet kor desse utbetalingsprognosane skal vedtakast, har det alltid vore slik at KIKS har «låst» prognosane og faktisk betalar ut i 2018 det som er kommunisert til deltakarane i oktober.
- Viss den oppgangen som har vore i marknaden held seg, ser adm for seg ein sak i 2018 med ekstrautbetaling av reservekapital. Då vil ein legge opp til at prognosane for åra 2018-2021 vil gje same utbetaling.

Her kjem ein tabell frå rekneark budsjettplan som syner kvar deltakars forventa utvikling i reservekapital i øre/KWh for budsjettperioden:

<b>Reservekapital i øre/KWh</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
KIKS	14,44	12,52	8,96	7,03	5,56
Aust Agder fylkeskommune	15,58	12,93	8,35	6,28	4,66
Vest Agder fylkeskommune	8,74	9,46	8,23	7,08	6,39
Arendal	16,40	12,81	8,78	6,25	4,17
Audnedal	5,15	5,53	4,00	3,46	3,34
Birkenes	18,46	14,60	10,30	7,50	5,15
Bygland	19,30	15,63	11,02	7,46	4,38
Bykle	19,68	15,23	9,85	6,52	3,68
Evje og Hornnes	16,44	12,23	8,10	5,95	4,25
Flekkefjord	8,90	8,63	6,39	5,34	4,84
Froland	16,31	11,94	7,65	5,34	3,47
Grimstad	16,00	12,42	8,39	5,86	3,78
Hægebostad	4,75	4,89	3,12	2,33	1,96
Iveland	16,05	11,90	7,81	5,72	4,07
Kristiansand	5,38	5,75	4,20	3,65	3,52
Kvinesdal	15,18	16,98	16,80	17,82	19,38
Lindesnes	4,89	5,03	3,26	2,46	2,09
Marnardal	5,15	5,65	4,23	3,79	3,79
Sirdal	19,13	20,61	20,12	20,82	22,05
Valle	26,62	21,79	14,99	9,36	4,25
Vennesla	4,69	5,55	4,48	4,40	4,77
Åmli	15,46	11,05	6,72	4,38	2,47
Åseral	6,46	6,63	4,88	4,12	3,77

Nokre moment:

- Her ser ein at AA kommunane har spart opp reservekapital frå tidlegare og har meir moglegheit til å lande mjukt samstundes om utbetalingane er relativt høge.
- Det leggst totalt sett opp til at reservekapitalen går frå dagens 14,44 øre/KWh (om lag 135MNOK) til 5,56 øre/KWh (om lag 48MNOK). Det vert då i hovudsak AA deltakarar som får redusert sin reservekapital gjennom høge utbetalingar. VA deltakarane vert liggande ca som på 2017 nivå.
- Sidan fylka skal saman 01.01.2020 leggst det opp til at reservekapitalen er lik i øre/KWh ved utgongen av 2019 og at utbetalingane er like i øre/KWh frå 2020.

I tillegg til å rapportere utbetalingsprognose til deltakarane, vil det og sendast ut ein rapport pr kommune som ser slik ut:




# Rapport for Bykle kommune

Kongsjenskraft IKS

aug.17



	Bykle				
Total kongsjenskraftvolum (i GWh):	88,5				
	2017	2018	2019	2020	2021
Totalt volum i GWh	88	88	88	88	88
% av totalt volum sikra	95 %	86 %	54 %	13 %	0 %
Budsjettert inntekt i øre/kWh	24,6	22,6	20,9	22,2	23,0
Marknadpris pr 31.08.2017 i øre/kWh	26,3	25,6	23,3	23,3	-
Kjøpskostnad for Bykle i øre/kWh	11,2	12,1	12,3	12,6	12,9



### Kommentarar:

- Prognosen for utbetaling til Bykle kommune i 2018 er kr 12,4 millionar
- Prognosen for reservekapitalen til Bykle i 2018 er kr 13,5 millionar
- Legg ein saman prognose for utbetaling og endring i reservekapital, får Bykle eit budsjettert overskott på 12,4 øre/kWh i 2017
- Driftsutgifter for 2017 budsjetterast i snitt til 0,94 øre/kWh

### Kommentarar marknaden:

- Flaum og hetebølger i Kina har ført til stadig aukande kullprisar, som har gitt ein kraftpris som er betre enn prognosane.
- Posisjonen som KIKS har tatt ved å sikre mindre kraft enn strategien har difor lønt seg til no, og vi meiner at prisane skal vidare opp.

Utvikling for år 18 i øre/kWh



**KONGSJENSKRAFT IKS**

*- vaktar rettane og tek vare på verdien*

### Møtedatoar framover

29.sep	Styremøte, Valle
11.okt	PFU-møte
15.des	Representantskap

### Andre nyheiter

- KIKS deltok på LVK-landsmøtet i Tromsø i august saman med styret.
- KIKS arbeidar for tida med strategiplanen, eit arbeid som vil halde fram utover hausten.

### Meir informasjon

[www.kongsjenskraft.no](http://www.kongsjenskraft.no)  
[www.facebook.com/kongsjenskraft](https://www.facebook.com/kongsjenskraft)

### Kontakt oss gjerne

[post@kongsjenskraft.no](mailto:post@kongsjenskraft.no)